

www.emob.no

Eksklusiv rundtur med båt og bil

Tlf. +47 920 43 299

Kanskje verdens vakraste sjøreise?



Bli med på kanskje verdens vakraste sjøreise på denne eksklusive turen fra Alesund til Geiranger. Utforsk verdensarvområdet før du blir frakta komfortabelt med bil og sjåfør tilbake og får med deg høgdepunkta på vegen til Alesund. Her får du det beste av to verdener til vanns og langs land!



«At slik natur egentleg finst ...»

Eit minne for livet ...

«Magisk!»

Pick-up på avtalt stad i Alesund sentrum. Vi kastar loss og startar fjordeventyret! På den tre timar lange sjøreisa innover mot Geiranger kan du observere fuglelivet, sjå kjende fossefall og høyre historier om naturen og folket. Kanskje får du auge på ein spekkhoggar eller grindkval på vegen?

I Geiranger kan du utforske verdsarvområdet på eiga hand eller i ein elbil frå eMobility, bli med på organiserte turar til fjells eller på fjorden eller senke skuldrene og nyte roa på ein komfortabel overnattingsstad. Bli verande i Geiranger så lenge du vil – ein eller fleire dagar – moglegheitene er mange! Skulle svolten melde seg når du legg til kai i Geiranger, kan du i sommarsesongen velgje mellom forskjellige alternativ – alt frå kvit duk til ein enkel godbit i farta. Fiskekakebuda byr på ein smak av Geiranger: handlaga, kortreiste og tradisjonelle steinbitkaker.

Når du er klar for returen, står ein sjåfør klar til å frakte deg tilbake til Alesund – ein tur på tre timar som byr på fleire fascinerande opplevingar. Første stopp blir Ørnesvingen, der du får eit magisk overblikk over Geirangerfjorden, fossefall og ruvande fjell. Ferje over til Linge og eit stopp eller to til på vegen. Tilbake i Alesund og full av minneverdige opplevingar kan du utforske jugendstilbyen vidare eller fortsette langs kysten av dette vakre og langstrakte landet om du har moglegheit til det. Velkomen skal du vere!

- Turen kan bestillast heile året på førespurnad
- Heildagstur, ev. fleire dagar om ønskeleg
- Pris kr. 25000,- (maksimalt atte personar)
- Kontakt Tomas Blomvik Bakken, tlf. +47 920 43 299/epost: post@emob.no

